

Emneevaluering KVIK 101 v2018

Munnleg evaluering i førelesning, fokus på ny ordning med gruppeoppgåver

Studentane synest det er positivt og lærerikt med ulike tilnærmingar, men fann også at det var lett å miste den rauden tråden gjennom emnet og litteraturen.

Dei tre ulike førelesarane hadde ein fin fordeling og gav variasjon i undervisninga.

Diskusjonar i grupper vart trekt fram som positivt.

Balansen mellom førelesning og diskusjon var god. Men studentane etterlyser også at tekstar til diskusjon og gruppeoppgåver vart delt ut på førehand. Elles var gruppeoppgåvene gode, men kunne også vere kortare.

Studentane etterlyser vurdering/evaluering undervegs i semesteret på utkast eller anna obligatorisk innlevering.

Til sist vart det sakna ein introduksjonsrunde og moglegheit til å bli litt kjent med kvarandre på studiet.